

Marielle Morken Vetås  
Urhaugvegen 58  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/2875 - 21/32311

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no

Dato:  
11.05.2021

## **Landbruksak GBNR 439/2 Tveiten nedre - Svar på søknad om riving av steingard**

**Administrativt vedtak: Saknr: 565/21**

### **VEDTAK:**

**Med heimel i forskrift om produksjons- og avløysartilskot i jordbruket gje Alver kommune Lasse Angelskår løyve til fjerning av omsøkt steingard på gbnr 439/2 Tveiten nedre**

### **Vilkår**

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida må alt arbeid stoggast og Vestland fylkeskommune varslast.**
- Det er kun omsøkt steingard som kan fjernast.**

### **Saka gjeld**

Lasse Angelskår har nyleg overtatt drifta av jorda på gbnr 439/2 på Radøy i Alver kommune. I samband med dreneringsarbeida på jorda er det fleire små steingardar som står i vegen for rasjonell drift og gje driftsmessige ulemper. Mange av grøftene går under steingarden fleire plassar. Steingardane framstår i dag i dårlig stand og skiljer no garden i 2. Tidlegare var dette eit grensegjerde mellom bruk nr 2 og 4, som i dag har same eigar.  
Det føreligg fullmakt frå eigar.

### **VURDERING:**

Forskrift om produksjonstilskot Paragraf 4, tredje ledd, visar til fjerning av steingard og kva kriteriar som må ligge til grunn for å kunne gje løyve. Steingarden må gje driftsmessige ulemper for at ein kan fjerne den. Ein steingard må og vera minst 75 cm høg for at den skal ha noko nytte og framstå som ein steingard. Sakshandsamar har vært på synfaring og ingen av dei aktuelle steingardane heldt standarden ein steingard skal ha. Fleire av gardane har rast ut, sunke ned i jorda eller har blitt fjerna tidlegare så dei er oppstykka allereie. Steingardane vil gje ulempar med tanke på drifta frå våronn til hausting og gje grunn for vekst av ugras og andre vekstar. Steingardane har og gitt problem ved drenering av areala,

samt står eine steingarden på ei tett hovudgrøft rett ved hovudvegen som ein må kobla seg på.

Saka har vært på høyring hos kulturavdelinga i Alver kommune utan at det har kome svar attende.

Har ein steingard ein ynskjer å vedlikehalda kan ein søkja om SMIL-midlar frå kommunen. Steingardane er naturleg i landskapet på vestlandet og vert dei vedlikehaldt kan dei fungera som gode og funksjonelle gjelder i mange år.

#### **Regelverk**

Forskrift om produksjonstilskot

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/2875

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Fullmakt  
Søknad ang steingard  
Steingard tveiten oversikt  
Steingard tveiten  
Steingard tveiten2

#### **Mottakarar:**

Angelskår Anleggsservice Marielle Morken Vetås	Urhaugvegen 58 Urhaugvegen 58	5936 5936	MANGER MANGER
---------------------------------------------------	----------------------------------	--------------	------------------